UNIVERSITETET I BERGEN
Det juridiske fakultet

Styre: Fakultetsstyret ved Det juridiske fakultet
Styresak: 110/23
Møtedato: 12.12.2023
Journalnummer: 2023/1803

Handlingsplaner 2024 – 2025

Strategiplanen for Det juridiske fakultet 2023-2030, *Rettsvitskap for ei ny tid*, ble vedtatt i fakultetsstyret 13. juni 2023. Det ble samtidig bestemt at strategien skulle følges opp av to handlingsplaner for perioden 2024-2025, én for forskning og én for utdanning (sak 59/23). Fakultetets vurdering er at det er hensiktsmessig å minimere antall handlingsplaner for en realistisk og stegvis implementering av strategien. Strategiens overordnede prioriteringer *internasjonalisering, rekruttering, mangfold og likestilling og formidling* er implementert i de to handlingsplanene gjennomgående, og med egne delmål og tiltakspunkter.

Bakgrunn

Handlingsplanene er utarbeidet av Forskningsutvalget og Studieutvalget i løpet av høsten 2023. Prosessene har vært ledet av henholdsvis FU-leder Ragna Aarli og SU-leder Halvard Haukeland Fredriksen.

Plan for arbeidet med handlingsplan for forskning ble presentert for Forskningsutvalget 23. august (sak 41/23). Handlingsplanen identifiserer delmål og aktiviteter som skal bidra til å realisere de strategiske målene i første planperiode, med særlig vekt å utvikle langsiktig og nyskapende rettsvitenskap i den internasjonale forskingsfronten. Handlingsplanen er en konkretisering av følgende ambisjoner:

- *Vi skal ha ein akademisk kultur for fri fagleg samtale og kritikk, og vere del av den internasjonale forskingsfronten*
- *Vi skal dyrke ein nyskapande og samfunnsrelevant rettsvitskap, og ha god dialog med omverda og andre vitskapar*
- *Vi skal både publisere på norsk og i kanalar på høgt internasjonalt nivå*
- *Vi skal auke vår kompetanse om teknologiutvikling og digitalisering på tvers av rettsdisiplinar og faglege tyngdepunkt*
- *Vi skal ha ei forskarutdanning på høgt internasjonalt nivå som bygger rettsvitskapleg kjernekompetanse og inviterer til å utforske teoretisk og metodologisk mangfald*
- *Vi skal auke eksternfinansieringa for å utvide forskingskapasiteten til fagmiljøa*
- *Vi skal fremje kunnskapen om, og forståinga av, forskingsetikk og fagleg integritet*
- *Vi skal synleggjere verdien av rettsvitskapleg forsking for samfunnet gjennom målretta kommunikasjon av og om forskinga ved fakultetet*

Handlingsplanen ble godkjent på FU-møte 21. november med oppfordring om at fakultetsstyret vedtar planen (sak 63/23).

Plan for arbeidet med handlingsplan for utdanning ble presentert for Studieutvalget 24. august (sak 40/23-1). Handlingsplanen identifiserer delmål og aktiviteter som skal bidra til å realisere de strategiske målene i første planperiode, med særlig vekt å utdanne selvstendige og kritiske jurister og tilby et studieprogram og en studiehverdag som kjennetegnes av problembasert og studentaktiv læring, forskningsbasert undervisning samt god indre sammenheng og progresjon mellom fagene. Handlingsplanen er en konkretisering av følgende ambisjoner:

- *Vi skal vere det leiande rettsvitskaplege utdanningstilbodet i Noreg gjennom å vidareutvikle Bergensmodellen med studentanes læring i sentrum*
- *Vi skal utvikle metodisk medvit om, og interesse for, sentrale dilemma i retten og stimulere til livslang læring*
- *Vi skal la studentane ta del i den akademiske fellesskapen og gje dei innsikt i vitskapleg arbeidsmåte og i forskarkvardagen*
- *Vi skal sikre at dei vi utdannar er oppdaterte på bruk av digitale verktøy til å løyse rettslege problemstillingar*
- *Vi skal vere attraktive for studentar med ulike erfaringar og perspektiv, og gjere bruk av dette mangfaldet i studiet*
- *Vi skal synleggjere behovet for, og verdien av, dialog med andre vitskapar for å kunne løyse rettslege og samfunnsmessige problemstillingar*
- *Vi skal gjere studentane i stand til å samarbeide med juristar frå andre land, og til å kunne forstå og gjere seg nytte av deira perspektiv på felles rettslege utfordringar og sjølv bidra med norske perspektiv*
- *Vi skal stimulere til utforsking av regionale problemstillingar i lys av internasjonal rettsutvikling, i samarbeid med aktørar i Vestlandsregionen*
- *Vi skal utvikle forskartalent og rekruttere sterke kandidatar til ph.d.-programmet mellom anna ved hjelp av forskarlinja*

Handlingsplanen ble godkjent på SU-møte 19. oktober med oppfordring om at fakultetsstyret vedtar planen (sak 52/23-2).

Implementering

Delmålene og aktivitetene i handlingsplanene er de første stegene mot å nå de langsiktige målene i strategiplanen for 2023-2030. Å legge til rette for en realistisk implementering for perioden 2024-2025 har vært en prioritet i utforming av handlingsplanene.

Fakultetet vil ikke utvikle egne handlingsplaner for internasjonalisering, rekruttering, mangfold og likestilling og formidling for perioden 2024-2025. Handlingsplan for forskning og handlingsplan for utdanning skal sikre strategisk framdrift på disse feltene.

For å synliggjøre hvordan fakultetet følger opp den sentrale satsingen på mangfold, inkludering og likestilling, er det utformet et notat som oppsummerer fakultetets tiltak for mangfold og likestilling på tvers av de to handlingsplanene (fakultetsstyresak 112-23)

Forskningsutvalget og Studieutvalget vil ha det overordnede ansvaret for å implementere og evaluere tiltakene i handlingsplanene. Ved planperiodens slutt skal gjennomførte tiltak og måloppnåelse vurderes, og legges til grunn for utarbeidelse av handlingsplaner for neste planperiode.

På denne bakgrunn framsettes følgende

forslag til vedtak:
Fakultetsstyret vedtar handlingsplan for forskning og handlingsplan for utdanning for perioden 2024-2025 med de eventuelle justeringer og tillegg som møtet sluttet seg til.

Vedlegg

1. Handlingsplan for forskning 2024-2025
2. Handlingsplan for utdanning 2024-2025
3. Strategiplan 2023-2030

Karl Harald Søvig
dekan

Øystein L. Iversen
fakultetsdirektør

01.12.2023
INMU / ANNNI

UNIVERSITETET I BERGEN
Det juridiske fakultet

Handlingsplan for forsking 2024-2025

Overordna mål: Langsiktig og nyskapande forsking

Fakultetet skal i strategiperioden 2023-2030 styrke forskinga på grunnleggjande utfordringar i rettssystemet og tidsaktuelle problemstillingar i samfunnet. Forskinga skal vere orientert mot den internasjonale forskingsfronten, skje over tradisjonelle disiplingrenser i rettsvitskapen og i dialog med andre vitskapsdisiplinar og samfunnssektorar.

Handlingsplanen for forsking er eit verkemiddel for å nå fakultetet sine strategiske mål. Planen er forankra i fakultetet sin strategi for perioden 2023-2030 *Rettsvitskap i front,* vedteken av fakultetsstyret 13.06.2023 (styresak 59/23). Handlingsplanen skal vere retningsgivande for fakultetet sitt arbeid med å leggje til rette for høg kvalitet i forsking, forskingsformidling og rekruttering til vitskaplege stillingar i perioden 2024-2025. Synleggjering av rettsvitskapen sin posisjon som bidragsytar til dei globale berekraftsmåla (SDG) skal vere sentralt i dette arbeidet.

Korleis lese handlingsplanen

Delmåla og aktivitetane som er identifiserte i handlingsplanen skal vere dei første stega mot å nå det overordna strategiske målet om å utvikle langsiktig og nyskapande rettsvitskap i den internasjonale forskingsfronten. Fakultetet vil ikkje utvikle eigne handlingsplanar for internasjonalisering, rekruttering, mangfald- og likestilling og formidling for perioden 2024-2025. Delmål og aktivitetar i handlingsplanen for forsking skal såleis også sikre strategisk framdrift på desse felta. Satsingsområda A-F i handlingsplanen reflekterer det samansette siktemålet:

A: Solide miljø for framifrå forsking
B: Målretta rekruttering
C: Sterk kopling mellom forsking og utdanning
D: Internasjonalt samarbeid og posisjonering
E: Mangfald i perspektiv og personale
F: Vitskapleg publisering og samfunnsdialog

Handlingsplan for forsking 2023-2030

A: Solide miljø for framifrå forsking

Delmål	**Aktivitet**	**Ansvarleg**
Utvikle dei tre faglege tyngdepunkta i strategien:	Forskingsadministrativ støtte til etablering, nettverksbygging og organisering av sterke fagmiljø	Prodekan for forsking/ forskingsadministrasjonen
Klima- og energirett	Sikre tilgang på stipend for forskarlinjekandidatar og ph.d.-kandidatar innan tyngdepunkta	Prodekan for forsking
Rettsstat og internasjonalt rettssamarbeid	Samarbeide med klyngene og dei strategiske satsingsområda ved UiB	Visedekan for forskingsleiing og innovasjon
Rammevilkår for næringsverksemd og nyskaping	Sikre grunnlaget for utviklinga av eit senter i Klima- og energirett	Prodekan for forsking

Styrke sårbare rettsvitskaplege miljø	Identifisere sårbare fagmiljø og nytte økonomiske og institusjonelle verkemiddel for å sikre rekruttering til desse miljøa Kartleggje korleis forskargruppestrukturen frå 2022 tener desse fagmiljøa og om det er behov for strukturelle endringar Vektlegge juridiske grunnproblem i nye satsingar Forskingsadministrativ støtte til nettverksbygging	Prodekan for forsking/ forskingsadministrasjonen Prodekan for forsking/ forskingsadministrasjonen Prodekan for forsking Forskingsadministrasjonen
Styrke kompetansen i forskings- og prosjektleiing	Klargjere og styrke rolla som forskargruppeleiar Arbeide systematisk med rolleforståing og samhandling mellom leiing og ulike grupper i organisasjonen Sikre fakultetets tilsette eit tilbod om opplæring i prosjektleiing	Visedekan for forskingsleiing og innovasjon
Auke kvaliteten og tilslag på søknadar om eksternfinansiering	Årvisse kurs i søknadsutvikling med fokus på kvalitet i søknadsteksten Starte arbeidet med søknadar om eksternfinansiering innanfor dei fem nettverksprosjekta Utvikle og auke kompetanse på karriereutvikling og CV-bygging Inkludere forskarar som er tidleg i karrieren i søknadsutvikling Vidareutvikle kompetanse og kvalitetsheving i BOA-teamet Arbeide strategisk for å sikre det rettsvitskaplege perspektivet i rammeprogram, porteføljar og utlysingar	Prodekan for forsking/ forskingsadministrasjonen Forskingsadministrasjonen Forskingsadministrasjonen Forskargruppe- og prosjektleiarar/ forskingsadministrasjonen Fakultetsdirektør Dekanatet
Styrke høg internasjonal kvalitet på forskarutdanninga	Styrke innslag av og undervising knytt til rettsvitskapens vitskapsteori i opplæringsdelen av forskarutdanninga Samarbeide med institusjonar nasjonalt og i Norden om kvalitetsutvikling i ph.d.-utdanninga Vidareutvikle faglege møteplassar for å sikre høg kvalitet i rettleiing av ph.d.-kandidatar Støtte opp under utviklinga av nasjonale ph.d.-kurs i nettverksprosjekta	Ph.d.-programleiar Ph.d.-programleiar Ph.d.-programleiar Prodekan for forsking
Auke forståinga for rettsvitskapens sentrale rolle for innovasjon	Synleggjere juridisk innovasjon og rettsvitskapens samfunnsbidrag Styrke forskingsmiljøet og -innsatsen på dei regulatoriske utfordringane og moglegheitene knytt til utvikling og bruk av KI	Visedekan for forskingsleiing og innovasjon Prodekan for forsking

	Styrke samarbeidet mellom aktuelle forskingsmiljø og studentorganisasjonen Innorett	Visedekan for forskingsleiing og innovasjon
Sikre samanhengande tid til forsking	Ta opp tid til forsking og bruk av forskingstermin i medarbeidarsamtalane Utarbeide utdanningsplan for postdoktorane Etablere undervisningsplan ved oppstart av ph.d.- og postdoktorprosjekt Opplæring og bruk av vitskaplege assistentar til avlastning for forskarane	Dekan Visedekan for forskingsleiing og innovasjon Prodekan for forsking/ visedekan for utdanning Forskingsadministrasjonen

B: Målretta rekruttering

Delmål	**Aktivitet**	**Ansvarleg**
Etablere attraktive og effektive tilsettingsprosessar og eit transparent system for opprykk i vitskaplege stillingar	Nye rutinar for tilsetting i ph.d.- og postdoktorstillingar Oppdatere og synleggjere kriteria for vitskaplege karrierar innan rettsvitskap	Prodekan for forsking Dekanatet
Fylle plassane i forskarlinja med dei best kvalifiserte studentane	Ny marknadsføringsstrategi for forskarlinja Evaluere og vidareutvikle forskarlinjeprogrammet	Dekanatet/ studieseksjonen Forskarlinjeansvarleg/forskingsadministrasjonen
Styrke kompetanseprofilen til dei midlertidig tilsette	Sikre karriereutvikling i medarbeidarsamtalar og i rettleiinga Vere i dialog med, og syte for at, dei sentrale kompetansehevingstiltaka ved UiB er relevante for fakultetets tilsette, og vurdere behovet for eigne tiltak på fakultetet	Visedekan for forskingsleiing og innovasjon/prodekan for forsking/rettleiarar Forskingsadministrasjonen
Sikre god integrering av midlertidig vitskapleg tilsette i fagmiljøa	Personalansvaret for ph.d.-kandidatane og postdoktorane delast mellom prodekan og visedekan for betre oppfølging Etablere gode rutinar for mottak av nye vitskapelege medarbeidarar Prøveordning med «fadder» for ph.d.-kandidatar i oppstartsfasen Engasjere fagleg mentor for postdoktorar Vurdere bruk av eittårig undervisningsengasjement før eventuell stipendiatstilling	Prodekan for forsking/ visedekan for forskingsleiing og innovasjon Visedekan for forskingsleiing og innovasjon Ph.d.-koordinator Visedekan for forskingsleiing og innovasjon Prodekan for forsking/ visedekan for utdanning

C: Kopling mellom forsking og utdanning

Delmål	**Aktivitet**	**Ansvarleg**
Inkludere studentane i forskarfellesskapet og gje dei innsikt i vitskapleg arbeidsmåte og i forskarkvardagen	Vidareutvikle samarbeidet mellom forskarlinja og forskargruppene Greie ut nytt valemne på 3. studieår for å byggje forskarkompetanse knytt til pågåande forskingsprosjekt ved fakultetet ("forskarlinje light") Prøveordning med bruk av studentar på 2. studieår som vitskapeleg assistentar over lengre periodar	Forskargruppeleiarar / forskarlinjeleiar Prodekan for forsking / visedekan for utdanning Forskingsadministrasjonen
Nytte utdanningsaktiviteten for å styrke forskingsmiljøa	Trekke vekslar på det internasjonale nettverket på utdanningssida i oppbygginga av forskingsnettverk Utvikle rutine for å identifisere undervisningsrelevans i prosjektsøknadar	Prodekan for forsking / visedekan for utdanning Forskingsadministrasjonen
Fremje forståinga av forskingsetikk og fagleg integritet	Informere om og iverksette veileder om institusjonen sitt ansvar for studentar og tilsette Oppstart for det nye redelighetsutvalget ved fakultetet	Prodekan for forsking / visedekan for utdanning Prodekan for forsking

D: Internasjonalt samarbeid og posisjonering

Delmål	**Aktivitet**	**Ansvarleg**
Utvikle internasjonale nettverk	Gjennomføre aktivitetar og reiser i dei innvilga nettverksprosjekta Legge til rette for forskingsopphald for ph.d.-kandidatar og postdoktorar Auke deltaking på internasjonale konferansar med presentasjon, særleg for forskarar tidleg i karrieren	Prodekan for forsking / nettverksprosjektleiarar Prodekan for forsking Prodekan for forsking / visedekan for forskingsleiing og innovasjon
Styrke fakultetet som internasjonal arena	Utvikle rutine for mottak av vitskapleg tilsette utan eit skandinavisk språk som morsmål Strategisk tilknyting av internasjonale forskarar i II-stilling Inkludere internasjonale medarbeidarar og gjesteforskarar i fagmiljøa Etablere faste faglege møteplassar der det blir nytta engelsk Utvikle nettside for internasjonale forskarar og samarbeidspartnarar	Visedekan for forskingsleiing og innovasjon Prodekan for forsking Forskargruppeleiarar/ prosjektleiarar Forskargruppeleiarar/ prosjektleiarar Forskingsadministrasjonen

E: Mangfald i perspektiv og personale

Delmål	Aktivitet	Ansvarleg
Følgje opp UiB sin handlingsplan for mangfald, inkludering og likestilling 2023 - 2025	Planmessig arbeid for kjønnsbalanse og inkludering av grupper omfatta av diskrimineringslovverket innanfor personale generelt og forskingsleiing spesielt Sette mangfald på agendaen blant studentar og tilsette	Dekanatet Dekanatet
Kunnskapsutvikling om mangfald i rettsvitskapeleg forsking	Internprodusert kunnskapsrapport for å identifisere korleis vi kan forstå og auke mangfald i rettsvitskapen	Prodekan for forsking/ forskingsadministrasjonen

F: Vitskapleg publisering og samfunnsdialog

Delmål	Aktivitet	Ansvarleg
Auke internasjonale publikasjonar	Kartlegge og gjere informasjon om relevante internasjonale tidsskrift tilgjengeleg for forskarane Nytte spesialutgåver i anerkjente internasjonale tidsskrift som erstatning for antologiar Greie ut moglegheita for ein brei ope tilgjengeleg publiseringskanal frå fakultetet som blant anna kanskape større merksemd om masteroppgåver av høg kvalitet Etablere samarbeid med biblioteket for støtte i publiseringsfasen Vidareføre gode ordningar for språkvask	Prodekan for forsking/ forskingsadministrasjonen Prodekan for forsking Forskingsadministrasjonen Forskingsadministrasjonen Forskingsadministrasjonen
Auke kunnskapen om ulike publiseringsformar og -moglegheiter	Kartlegge aktuelle vitskaplege tidsskrift med open tilgang med og utan publiseringsstøtte og gjere lista tilgjengeleg på wikisida Vurdere ordning for publiseringsstøtte som også dekker tidsskrifta som er mest aktuelle for open publisering i rettsvitskap Sikre open tilgang til ph.d.-avhandlingar frå fakultetet Gje vitskapleg tilsette opplæring i ulike formidlingsformer og teknikkar	Forskingsadministrasjonen Prodekan for forskning Prodekan for forsking Kommunikasjonsrådgjevar
Styrke dialogen med politiske og rettslege institusjonar og med allmenta	Utvikle den strategiske kommunikasjonen med vekt på korleis rettsvitskapen bidrar til samfunnsutviklinga Vere til stades på sentrale arenaer for forskingsformidling Utvikle rutine for samarbeid mellom ny kommunikasjonsrådgjevar og forskarane om innsalg til media om arrangement og publikasjonar Innføre rutine med årleg rapport om medieinnslag og årsplan for forskingskommunikasjon på eit overordna nivå	Prodekan for forsking Forskargruppeleiarar/ prosjektleiarar Kommunikasjonsrådgjevar Kommunikasjonsrådgjevar

Utvikle Dragefjellet lærings- og formidlingssenter (DLF) som ressurs for forskingsformidling	Inkludere Dragefjellet lærings- og formidlingssenter i søknadsutvikling og prosjektfase for betre integrering av innovativ forskingsformidling i forskingsprosjekta	Prodekan for forsking

UNIVERSITETET I BERGEN
Det juridiske fakultet

Handlingsplan for utdanning 2024–2025

Overordna mål: Utdanning for framtida

Fakultetet skal utdanne sjølvstendige og kritiske juristar. Fakultetet skal tilby eit studieprogram og ein studiekvardag som er kjenneteikna av problembasert og studentaktiv læring, forskingsbasert undervising samt god indre samanheng og progresjon mellom faga.

Handlingsplanen for utdanning er eit verkemiddel for å nå dei strategiske måla til fakultetet. Planen er forankra i fakultetet sin strategi for perioden 2023–2030 «Rettsvitskap i front» som vart vedtatt av fakultetsstyret den 13.06.2023 (styresak 59/23). Handlingsplanen skal vere retningsgjevande for fakultetet sitt arbeid for kvalitet i utdanninga i perioden 2024–25, der særleg innfasing av ny studieordning er sentralt.

Korleis lese handlingsplanen

Delmåla og aktivitetane som er identifiserte i handlingsplanen skal vere dei første stega mot å nå det overordna strategiske målet om å utvikle ei utdanning for framtida. Fakultetet vil ikkje utvikle eigne handlingsplanar for internasjonalisering, rekruttering, mangfald- og likestilling og formidling for perioden 2024-2025. Delmål og aktivitetar i handlingsplanen for utdanning skal såleis også sikre strategisk framdrift på desse felta. Fram til 2025 skal arbeidet med utdanningskvaliteten ved Det juridiske fakultet særleg konsentrere seg om å sikre innsatsområda A-G:

A: Eit studium med fokus på problembasert og studentaktiv læring
B: Eit studium med klar indre samanheng og progresjon
C: Sterk kopling mellom forsking og utdanning
D: Dragefjellet skal vere ein levande campus
E: Eit studium med høg grad av arbeidsrelevans og samarbeid med arbeidslivet
F: Eit inkluderande jusstudium
G:Studiet skal ha ein klar internasjonal dimensjon

Handlingsplan for utdanning 2023-2030

A: Eit studium med fokus på problembasert og studentaktiv læring

Delmål	Aktivitet	Ansvarleg
Fakultetet skal fortsette kvalitetsutviklinga av «Bergens-modellen»	Tilby varierte lærings- og vurderingsformer – også på 4. og 5. studieår	Visedekan for utdanning/ Studieutvalet/emneansvarlege
	Vidareføre det gode arbeidet i regi av «Betre læring, betre juristar» med studentaktiv undervising over i driftsfase. Søkje nye utviklingsmiddel for 4. og 5. studieår.	Studieutvalet/prosjektgruppa for «Betre læring, betre juristar»
	Vidareutvikle rolla til arbeidsgruppeleiarane i undervisingsopplegget, særleg med tanke på ny studieordning	Studieseksjonen/emneansvarlege på 1. og 2. studieår/emneansvarleg JUS 329

Studiet skal vere basert på forskingsbaserte pedagogiske verkemiddel	Etablere ei forventning om at alle som underviser ved fakultetet brukar tid på å setje seg inn i korleis studentane oppnår læring ved ulike typar undervising og prøving	Dekan/visedekan for utdanning
	Etablere ei fast ordning der Studieutvalet kan løyve undervisingstimar til emneansvarlege som ønskjer å setje i gang større prosjekt/endringar	Studieutvalet
	Jobbe for å få fleire meritterte undervisarar ved fakultetet, som kan bidra inn i Læringsdesigngruppa	Studieseksjonen/visedekan for utdanning
	Leggje til rette for at førsteamanuensisar som jobbar mot opprykk til professor kan oppfylle dei pedagogiske krava som gjeld for dette	Studieseksjonen/visedekan for utdanning
	Styrke undervisningskompetansen til ph.d.-kandidatane ved å vidareutvikle pedagogikk-kurset for midlertidige tilsette	Studieseksjonen/visedekan for utdanning
	Vidareutvikle pedagogisk fagfellesskap ved fakultetet	Dekanatet/studieseksjonen
Fakultetet skal styrke kompetansen til undervisarar og studentar i bruk av kunstig intelligens i undervising og prøving	Auke kunnskapen om bruk av kunstig intelligens i juridisk arbeid	Dekanatet/emneansvarlege
	Setje ned ei arbeidsgruppe som skal utforme retningslinjer for bruk av kunstig intelligens, under dette ChatGPT, i undervising og prøving	Visedekan for utdanning

B: Eit studium med klar indre samanheng og progresjon

Delmål	Aktivitet	Ansvarleg
Studieprogrammet skal innrettast med fokus på metodiske og faglege samanhengar mellom dei ulike faga	Det skal gjeninnførast lærarmøte på 1. til 4. studieår	Visedekan for utdanning/studieseksjonen/ emneansvarlege
	Dei eksterne fagfellane skal sjå på kontinuitet og progresjon i studiet	Eksterne fagfellar/studieutvalet
Studiet skal ha ei aktuell og relevant fagsamansetjing	Implementere nye engelske og norske valemne på 3. studieår	Visedekan for utdanning/studieseksjonen
	Implementere nytt femte studieår	
Sjå på korleis ulike typar undervisingsaktivitetar blir honorerte i undervisingsrekneskapen	Vurdere om nokre av faktorane må gjerast om på for betre å passe i dagens studieordning	Visedekan for utdanning/studieutvalet/emne-ansvarlege

C: Eit forskingsbasert studietilbod

Delmål	Aktivitet	Ansvarleg
Studiet skal inspirere studentane til å velje forskarkarriere og bidra til god rekruttering av sterke kandidatar til ph.d.-programmet ved fakultetet	Fakultetet skal frå første studiedag synleggjere moglegheitene for ei karriere innan forsking på fakultetet	Dekanatet/emneansvarlege
Synleggjere forskingsperspektivet i det enkelte emnet	Prioritere plass i undervisinga for nyare forsking på feltet Integrere tema frå prøveførelesingar i undervisinga og gjennom det oppfordre studentane til deltaking på prøveførelesingar Oppfordre emneansvarlege på alle studieår til å inkludere forskingsartiklar i kjernelitteraturen	Emneansvarlege/studieutvalet Visedekan for utdanning/prodekan for forsking/emneansvarlege Visedekan for utdanning/studieutvalet
Styrke forskarlinja	Bli betre til å informere om forskarlinja Identifisere og implementere tiltak for å sikre langsiktig rekruttering til forskarlinja	Emneansvarlege/dekanatet/ studieseksjonen Dekanatet/studieseksjonen

D: Dragefjellet skal vere ein levande campus

Delmål	Aktivitet	Ansvarleg
Auka nærvær på campus for både studentar og tilsette for å skape eit aktivt læringsmiljø	Utvikle eit undervisingsopplegg på fjerde og femte studieår som legg til rette for studentaktiv læring og der nærværet på campus styrkjer studiemiljøet Etablere møteplassar for studentar på femte studieår, til dømeseigne lesesalsplassar for dei som skriv masteroppgåve	Visedekan for utdanning/studieseksjonen Studieseksjonen
Studentane ved fakultetet skal oppleve å ha eit godt og trygt læringsmiljø	Fortsetje å bruke arbeidsgruppeleiarane aktivt som ressurs for godt psykososialt læringsmiljø, særleg i samband med studiestart for nye studentar Fortsetje møte kvar veke med JSU om status og aktuelle tiltak	Studieseksjonen Visedekan for utdanning

E: Eit studietilbod med høg grad av arbeidsrelevans og samarbeid med næringslivet

Delmål	Aktivitet	Ansvarleg
Arbeide for at fleire emne implementerer praksisnære element	Emneansvarleg skal gjennomgå undervisingsopplegget med fokus på om det kan integrerast fleire praksisnære element Fakultetet legg til rette for at arbeidsgrupper er til stades ved ei rettssak i løpet av første studieår	Studieutvalet/emneansvarlege Visedekan for utdanning/arbeidsgruppeleiarar /emneansvarleg JUS329
Auke talet på praksisplassar i samband med masteroppgåve (eksterne skriveplassar)	Auke samarbeidet med aktørar i vestlandsregionen og informere studentar og arbeidslivet om fordelar med praksisplass	Studieseksjonen/dekanatet
Karrierefremjande arrangement ved fakultetet skal vere inkluderande	Samarbeide med studentorganisasjonane ved fakultetet om mangfald ved karrierefremjande arrangement	Dekanatet/studieseksjonen
Etablering av arbeidslivspanel ved fakultetet	Halde to årlege møter og løpande hente inn innspel frå panelet der det er aktuelt	Dekanen/studieseksjonen
Fakultetet skal tilby forskingsbasert etter- og vidareutdanning etterspurd av arbeidslivet	Vidareutvikle dei to executive-masterprogramma som fakultetet koordinerer Bidra inn i erfaringsbasert master i offentleg forvaltning I utvikling av nytt 5. studieår på masterprogrammet skal det vurderast om nokre av emna skal gjerast om til reine vidareutdanningsemne eller hybridemne	Dekanatet/studieseksjonen

F: Eit inkluderande jusstudium

Delmål	Aktivitet	Ansvarleg
Fakultetet vil jobbe for å vere ein inkluderande og mangfaldig studiestad	Kartlegge og skape oversikt over dagens mangfald i studentmassen og blant potensielle søkjarar	Studieseksjonen/visedekan for utdanning
Legge til rette for at alle nye studentar får ein god start og ei god velkomstveke	Evaluere noverande opplegg og setje inn tiltak som kan føre til forbetringar	Dekanen/studieseksjonen
Jobbe for eit godt samarbeid mellom fakultet og studentmiljøet	Fortsetje å sende ut fredagshelsing frå dekanen Fortsetje samarbeid med studentorganiasjonar ved fakultetet og JSU	Dekanen/studieseksjonen Fakultetsleiinga
Fakultetet skal vere ein attraktiv og inkluderande utvekslingsdestinasjon	Evaluere noverande velkomstopplegg og setje inn tiltak som kan føre til forbetringar	Dekanen/studieseksjonen

G: Studiet skal ha ein klar internasjonal dimensjon

Delmål	Aktivitet	Ansvarleg
Fakultetet skal sikre at studentane får høve til å studere ved gode institusjonar i utlandet	Fortsette utvikling av utvekslingsportefølja	Dekan/studieseksjonen
Syte for at studentar som ikkje reiser på utveksling får internasjonale perspektiv som ein del av studieprogrammet	Bruke internasjonale studentar som ein ressurs for «internasjonalisering heime» på engelskspråklege val- og spesialemne, under dette leggje til rette for samarbeid og dialog mellom studentane i undervisingssituasjonen Oppfordre emneansvarlege på alle studieår til å inkludere engelskspråkleg litteratur i kjernelitteraturen i alle emne Etablere og evaluere vårsemesteret på nytt tredje studieår	Emneansvarlege for engelske val- og spesialemne Emneansvarlege/visedekan for utdanning Emneansvarlege/studie-seksjonen

RETTSVITSKAP I FRONT

Strategi for Det juridiske fakultet 2023–2030

UNIVERSITETET I BERGEN

INNLEIING 5

LANGSIKTIG OG NYSKAPANDE FORSKING 7

UTDANNING FOR FRAMTIDA 9

FORMIDLING OG SAMFUNNSDIALOG 11

EIN ORGANISASJON I UTVIKLING 13

INNLEIING

Det juridiske fakultet skal mot 2030 styrke sin posisjon som eit rettsvitskapleg kunnskapssentrum. Fakultetet skal bygge vidare på forskingsmiljøa vi har utvikla for å utdanne juristar som kan ta rettssamfunnet vidare.

Rettssystemet er ein avgjerande infrastruktur for eit demokratisk samfunn tufta på menneskerettane. Ei hovudoppgåve for rettsvitskapen er å utforske og analysere dei reglane som er vedtekne. Ei anna hovudoppgåve er å utvikle rettssystemet for å kunne møte framtidige utfordringar. Dette må skje med grunnlag i ein sterk fagleg-kritisk kultur og dialog med andre vitskapsdisiplinar. Med aktivt og engasjert internasjonalt forskingssamarbeid skal vi fremje vilje, evne og mot til å gå i front for nye perspektiv og rettslege løysingar på problem og konfliktar som oppstår i tida.

Den sentrale rolla juristane har i samfunnet, og den makta dei utøver, gjer det viktig å arbeide målretta for rekruttering av studentar og forskarar med ulike erfaringar og perspektiv.

EØS-RETT
4. UTGAVE
Forbrytelser i utvalg
Gröning / Husabø / Jacobsen
Frihet, forbrytelse og straff
FAGBOKFORLAGET

LANGSIKTIG OG NYSKAPANDE FORSKING

Forskarane og forskingsmiljøa våre bidreg til utvikling av den rettsvitskaplege forskingsfronten.

Berekraftig utvikling av samfunnet og ny teknologi krev nye rettslege løysingar. Vi skal styrke forskinga på grunnleggjande utfordringar i rettssystemet og tidsaktuelle problemstillingar. Forskinga skal vere orientert mot den internasjonale forskingsfronten, skje over tradisjonelle disiplingrenser i rettsvitskapen og i dialog med andre vitskapsdisiplinar.

Vi forskar på dei sentrale rettsområda som inngår i det femårige masterprogrammet i rettsvitskap, for slik å sikre forskingsbasert utdanning innan så vel privatrettslege som offentlegrettslege emne. Vi skal samstundes styrke forskinga på fagområde som peikar seg ut som særleg viktige både for rettsvitskapen og i eit samfunnsperspektiv.

Med **tre faglege tyngdepunkt** skal vi utvikle kvaliteten på forskingsaktiviteten generelt, og gje grunnlag for å løyse viktige samfunnsutfordringar. Dei faglege tyngdepunkta er område som det skal leggast særleg vekt på å utvikle, og dei skal vere instrument i oppbygginga av og rekrutteringa til det samla forskingsmiljøet.

Det faglege tyngdepunktet **Klima- og energirett** vil ta utgangspunkt i det sterke tverrfaglege miljøet som er utvikla i samarbeid med UiB si satsing på klima og energiomstilling. Dette er eit felt som på ein særskilt måte svarer på sentrale samfunnsutfordringar som klimautfordringa og trongen for kunnskap og regelutvikling for å sikre ei berekraftig utvikling. Det er eit mål at fagmiljøet skal utvikle seg til eit senter i løpet av strategiperioden.

Det faglege tyngdepunktet **Rettsstat og internasjonalt rettssamarbeid** skal løfte dei prinsipielle perspektiva i styrking av rettsstaten aleine og i samarbeid med andre statar. Utviklinga i Europa der rettsstatar blir nedbygt og avtalar sagt opp, har skapt etterspurnad etter rettsstatleg grunnforsking og gode modellar for rettssamarbeid. Det veletablerte fagmiljøet på feltet skal ta sikte på å bli eit nordisk kunnskapssentrum for forsking og forskarutdanning i løpet av strategiperioden.

Det faglege tyngdepunktet **Rammevilkår for næringsverksemd og nyskaping** skal vidareutvikle samarbeidet med økonomiske og teknologiske forskingsmiljø. For å utvikle eit teknologi- og kunnskapsbasert samfunn som kan bere kostnadane med rettsstaten og velferdssamfunnet og gjennomføre det grøne skiftet, er det nødvendig å skape gode rettslege rammevilkår for nyskaping og initiativ. Kunnskap om komplekse nasjonale og internasjonale regelverk er avgjerande for å kunne realisere dette. Det fleirfaglege samarbeidet på feltet dannar grunnlaget for å finne gode og framtidsretta løysingar for regulering av ny og sjølvlærande teknologi.

Ambisjonar mot 2030

- Vi skal ha ein akademisk kultur for fri fagleg samtale og kritikk, og vere del av den internasjonale forskingsfronten
- Vi skal dyrke ein nyskapande og samfunnsrelevant rettsvitskap, og ha god dialog med omverda og andre vitskapar
- Vi skal både publisere på norsk og i kanalar på høgt internasjonalt nivå
- Vi skal auke vår kompetanse om teknologiutvikling og digitalisering på tvers av rettsdisiplinar og faglege tyngdepunkt
- Vi skal ha ei forskarutdanning på høgt internasjonalt nivå som bygger rettsvitskapleg kjernekompetanse og inviterer til å utforske teoretisk og metodologisk mangfald
- Vi skal auke eksternfinansieringa for å utvide forskingskapasiteten til fagmiljøa
- Vi skal fremje kunnskapen om, og forståinga av, forskingsetikk og fagleg integritet
- Vi skal synleggjere verdien av rettsvitskapleg forsking for samfunnet gjennom målretta kommunikasjon av og om forskinga ved fakultetet

UTDANNING FOR FRAMTIDA

Vi utdannar sjølvstendige og kritiske juristar som har inngåande kjennskap til samtidas rettssystem og kan møte nye utfordringar og ukjende problemstillingar, og slik sett utvikle retten.

Eit samfunn i omstilling med rask teknologisk utvikling treng juristar som evnar å sjå dei nye rettsspørsmåla som oppstår og finne gode løysingar på desse. Bergensmodellen med problembasert og studentaktiv læring, tett oppfølging av studentane i gruppeundervising dei første åra og målretta skrivetrening, skal være berebjelke i studieordninga. Vi bygger juridisk kompetanse gjennom ein idé om at *korleis* du lærer er nøkkelen til kva du lærer. Vi skal fortsette kvalitetsutviklinga av studiemodellen slik at studentane våre er førebudde på morgondagens arbeidsliv og aktivt kan bidra til samfunnsutviklinga.

Gjennom forskingsbasert undervising og varierte læringsformer skal vi utdanne juristar med fagleg tryggleik, sterkt metodisk medvit og høg etisk standard. Studentane skal sjå rettslege problemstillingar i eit heilskapleg bilete og retten i eit samfunnsperspektiv. Den overordna læringsutbytteskildringa for studieprogrammet dannar grunnlaget for alt vi gjer i utdanninga.

Studieprogrammet skal ha god indre samanheng og progresjon der internasjonal erfaring er integrert i løpet. Dragefjellet skal vere ein studentaktiv campus med eit inkluderande læringsmiljø gjennom heile studieløpet.

Ambisjonar mot 2030

- Vi skal vere det leiande rettsvitskaplege utdanningstilbodet i Noreg gjennom å vidareutvikle Bergensmodellen med studentanes læring i sentrum
- Vi skal utvikle metodisk medvit om, og interesse for, sentrale dilemma i retten og stimulere til livslang læring
- Vi skal la studentane ta del i den akademiske fellesskapen og gje dei innsikt i vitskapleg arbeidsmåte og i forskarkvardagen
- Vi skal sikre at dei vi utdannar er oppdaterte på bruk av digitale verktøy til å løyse rettslege problemstillingar
- Vi skal vere attraktive for studentar med ulike erfaringar og perspektiv, og gjere bruk av dette mangfaldet i studiet
- Vi skal synleggjere behovet for, og verdien av, dialog med andre vitskapar for å kunne
- løyse rettslege og samfunnsmessige problemstillingar
- Vi skal gjere studentane i stand til å samarbeide med juristar frå andre land, og til å kunne forstå og gjere seg nytte av deira perspektiv på felles rettslege utfordringar og sjølv bidra med norske perspektiv
- Vi skal stimulere til utforsking av regionale problemstillingar i lys av internasjonal rettsutvikling, i samarbeid med aktørar i Vestlandsregionen
- Vi skal utvikle forskartalent og rekruttere sterke kandidatar til ph.d.-programmet mellom anna ved hjelp av forskarlinja

FORMIDLING OG SAMFUNNSDIALOG

God formidling av rettsvitskapleg kunnskap skal bidra til utviklinga av demokratiet, og legitimiteten og tilliten til retten i samfunnet.

Våre vitskapleg tilsette er tydeleg til stades som kunnskapsressursar i samfunnet, driv formidling med høg kvalitet og når breitt ut. Gjennom dialog med politiske og rettslege institusjonar skal vi bidra til betre avgjerder om korleis rettssystemet skal utviklast.

Med nyskapande formidling skal vi synleggjere fakultetet som ein forskings- og utdanningsinstitusjon med høg kvalitet og som ein attraktiv arbeids- og studiestad.

Ambisjonar mot 2030

- Vi skal bidra til opplysning og saklege debattar om retten i samfunnet med engasjement og klokskap, og synleggjere kva rolle rettsvitskapen kan spele for samfunnsutviklinga
- Vi skal ha eit godt ytringsklima og oppmuntre forskarar på alle nivå til formidling av vitskapleg innsikt for fagfellar og allmennheita
- Vi skal vidareutvikle den gode formidlingskulturen internt og arbeide nyskapande for å nå ut nasjonalt og internasjonalt
- Vi skal særleg arbeide med å synleggjere dei tre faglege tyngdepunkta
- Vi skal formidle innsikt i fagdidaktikk og ta initiativ til deling av erfaringar om kunnskapsutvikling innan og på tvers av det juridiske fagmiljøet

EIN ORGANISASJON I UTVIKLING

Vi er ein attraktiv, inkluderande og engasjerande arbeids- og studiestad med godt samvirke mellom tilsettegrupper som saman løyser fakultetet sitt samfunnsoppdrag.

Fakultet skal verne om universitetsdemokratiet og bidra aktivt for at Universitetet i Bergen skal nå ambisjonane som er sett ut i strategien for 2023–2030. Vi skal utvikle ein organisasjon som kan møte den aukande etterspurnaden etter rettsvitskapleg forsking og utdanning.

Alle i organisasjonen skal bidra til eit inkluderande arbeids- og studiemiljø. Ved å vere til stades og ta initiativ til fagleg-kritisk kulturbygging, skal vi utvikle gode møtestader mellom studentar og tilsette.

Ambisjonar mot 2030

- Vi skal arbeide for ein organisasjon med ein inkluderande kollegial kultur og eit arbeidsmiljø som speglar mangfaldet i samfunnet
- Vi skal utvikle ein organisasjon med berekraftig fagleg leiarskap og kultur for deltaking og nærvære i organisasjonen
- Vi skal tiltrekke oss fagleg sterke og engasjerte kandidatar som vil bidra til å bygge fagmiljøa og utvikle fakultetet
- Vi skal fortsette med, og vidareutvikle det tette og gode samarbeidet mellom tilsettegruppene, og gjennom dette samarbeidet effektivisere og forenkle arbeidsprosessar og rutinar
- Vi skal styrke tiltaka for karriereoppfølging og rettleiing, særleg for å bygge opp forskarar som er tidleg i karriera
- Vi skal støtte opp om engasjerte undervisarar som set studentane si læring i sentrum
- Vi skal arbeide for å styrke studentdemokratiet ved fakultetet

FOTOKREDITERING

Alle foto: Eivind Senneset

Maldesign: Kommunikasjonsavdelingen, UiB

uib.no

Universitetet i Bergen / Postboks 7800, 5020 Bergen
post@uib.no / 55 58 00 00